



Nausteigedomen til Jan Helge Pile er den gule midt i bildet

Administrasjonen er positiv til ein søknad frå Jan Helge Pile, no busett i Sandefjord, om utviding av nausteigedomen i Kleivadalen. Han ynskjer å utvida kaien med 40 kvadratmeter, støype båtopptrekk framfor naustet og lage diverse fundament for vedlikehald og tilbygg. Administrasjonen meiner han bør få dispensasjon frå kommuneplanen fordi dei interessene som planen skal ivareta ikkje vert tilsidesett og fordi tiltaket ikkje vil gje større ulemper enn fordelar.

Saka skal opp i forvaltningskomiteen denn veka. Pile opplysar og at han har planar om utviding av naustet, omlegging av gangvegen ned dit, byggjing av einebustad og garasjebygg for 2 bilar med tilhøyrande teknisk anlegg. Men dette ligg litt lenger framme i tid og desse tiltaka treng ikkje dispensasjon.

Området er omfatta av kommunedelplanen for Rosendalsområdet og visar arealføremålet bustadføremål på land og fiske, ferdsel, natur og friluftsområde i sjø. Det er ingen merknadar frå naboar.

Administrasjonen peikar på at arealet er ei privat sone som allmenta ikkje har tilgang til. Det er bygd ut i 1965 og anlegget vil ikkje føra til ytterlegare privatisering av området, skriv saksbehandlar Jon Harald Kjærland.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen